

St.prp. nr. 71

(2003–2004)

Om endringar i statsbudsjettet for 2004 som følgje av takstoppgjera for psykologar og fysioterapeutar

*Tilråding frå Helsedepartementet av 4. juni 2004,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Bondevik II)*

1 Innleiing

Helsedepartementet gjer med dette framlegg om endring av løyvingane for 2004 under kap. 2711 post 71 Refusjon psykologhjelp, under kap. 2755 post 62 Tilskot til fastlønnsordning fysioterapeutar og post 71 Refusjon fysioterapi og under kap. 732 Regionale helseføretak, postane 71–75. Auken på i alt 18,0 mill. kroner har samanheng med reviderte avtalar med Norsk Fysioterapeutforbund og Norsk Psykologforening om takstar og driftstilskot.

Forhandlingane om revidert avtale med Den norske lægeforening er førebels ikkje avslutta. Departementet bed om fullmakt til å gjere endringar i trygdeefusjonane for legane frå 1. juli 2004 på grunnlag av ein eventuell avtale om basistilskot, driftstilskot, takstar og fondsavsetningar. Det vil bli lagt fram sak for Stortinget seinare om endringar i dei aktuelle løyvingane i statsbudsjettet for 2004.

Det er sett av reservar til dekking av meirutgiftene ved oppgjera under kap. 2309 Tilfeldige utgifter (Ymseposten). Denne løyvinga vil det seinare bli gjort framlegg om å setje ned.

2 Bakgrunn

Avtaletidspunktet for dei einskilte avtalane om basistilskot, driftstilskot og takstar for legar, psykologar og fysioterapeutar er 1. juli.

Ved oppgjera per 1. juli 2003 blei det gjeve tillegg med ei økonomisk ramme svarande til 1,0 prosent for legane, 1,2 prosent for fysioterapeutane og 2,0 prosent for psykologane. Reguleringane fekk verknad frå same dato.

Dei respektive organisasjonane og staten, Kommunenes Sentralforbund og dei regionale helseføretaka har no ført forhandlingar om avtalar for tidsrommet 1. juli 2004 – 30. juni 2005. Forhandlingane for legane er ikkje avslutta. Avtaleframlegga for fysioterapeutane og psykologane har noko ulik utforming. For fysioterapeutane inneber avtalen i utgangspunktet ein samla auke i takstar, driftstilskot og fondsavsetningar med 4,5 prosent og for psykologane ein auke med 3,4 prosent. På bakgrunn av utviklinga i honorarinntekter for gruppene dei siste åra, er takstana justert noko mindre enn dette. Rammejusteringane er rekna per 1. juli 2004. Skil-

naden i rammeauke heng saman med ulike overheng i takstar og driftstilskot inn i 2004, ulik utvikling i kostnader og ulike inntektsnivå.

I St.prp. nr. 63 (2003–2004) har regjeringa gjort framlegg om at eigendelane skal aukast med 5 prosent frå 1. juli 2004 og refusjonsløyvingane setjast ned tilsvarende. Endringane i honorartakstane som følgje av dei nye avtalane får difor full verknad i refusjonsutgiftene.

Da ordninga med driftstilskot for legar, fysioterapeutar og psykologar blei innført i 1984, var føresetnaden at driftstilskotet skulle utgjere om lag 40 prosent av gjennomsnittleg omsetnad for dei ulike gruppene. For legespesialistar og psykologar har driftstilskotsdelen av finansieringa over tid blitt vesentleg lågare, og ved takstoppgjera i 2003 blei det avtala ei omfordeling frå takstar til driftstilskot for å auke prosentdelen noko. Ved handsaminga av St.meld. nr. 5 (2003–2004), jf. Innst. S. nr. 82 (2003–2004), har Stortinget slutta seg til at driftstilskotsdelen skal aukast til opp mot 40 prosent for dei to gruppene, og ved dette oppgjeret er det avtala ei ny omfordeling frå takstar til driftstilskot for psykologane. Som følgje av dette blir det gjort framlegg om å auke overføringane til dei regionale helseforetaka med 8,5 mill. kroner.

Medrekna den nemnde omfordelinga blir den samla auken i løyvingane til trygderefusjonar 9,5 mill. kroner.

3 Avtale om basistilskot, driftstilskot og takstar for legar

Forhandlingane mellom Den norske lægeforening, Kommunenes Sentralforbund, staten og dei regionale helseforetaka om basistilskot, driftstilskot og takstar for tidsrommet 1. juli 2003 – 30. juni 2004 tok til i midten av mai 2004. Forhandlingane er førebels ikkje avslutta. Partane held fram forhandlingane med sikte på å nå fram til ein avtale.

Før forhandlingane om rammeauken starta, blei partane samde om eit opplegg for å fjerne eigendelen på telefonkonsultasjon som blei innført i samband med eigendelsauken per 1. januar 2004. Det er avtala endringer i takstsystemet innanfor ei nullsumramme.

Spørsmålet om eventuelle meirutgifter for folketrygda som følgje av ein ny avtale frå 1. juli 2004 vil ikkje kunne leggjast fram for Stortinget til handsaming i vårsesjonen. Departementet bed difor om fullmakt til å gjere endringer i trygderefusjonane som følgje av den avtalen partane eventuelt kjem fram til. Den endelege løyvingssaka vil bli lagt fram for Stortinget seinare.

4 Avtale om driftstilskot og takstar for fysioterapeutar

I forhandlingsmøte 25. mai 2004 blei Norsk Fysioterapeutforbund, Kommunenes Sentralforbund og staten samde om eit tilrådd framlegg til revidert avtale om driftstilskot og takstar for fysioterapeutar. Avtalen skal gjelde for tidsrommet 1. juli 2004 – 30. juni 2005.

Avtalen føreset ei regulering av driftstilskotet med 4,5 prosent og av takstane med 1,7 prosent frå 1. juli 2004. Folketrygda skal som tidlegare setje av 1,5 pst. av utbetalte refusjonar til fond for etter- og vidareutdanning.

Departementet tilrår at løyvinga for 2004 under kap. 2755 post 71 Refusjon fysioterapi blir auka med 14,0 mill. kroner.

Fastlønnsstilskotet til kommunar med fysioterapeutstillingar var 134 300 kroner i 2003. Departementet tilrår at fastlønnsstilskotet for 2004 blir fastsett til den same summen, fordi eigendelsauken på 12 prosent frå 1. januar 2004 og framlegget til auke i eigendelane med 5 prosent frå 1. juli 2004 samla vil gje kommunane den føresette inntektsauken for 2004.

Departementet tilrår at kap. 2755 post 62 Tilskot til fastlønnsordning fysioterapeutar blir auka med 4,0 mill. kroner.

5 Avtale om driftstilskot og takstar for psykologar

I forhandlingsmøte 25. mai 2004 blei Norsk Psykologforening, staten og dei regionale helseforetaka samde om eit tilrådd framlegg til revidert avtale om driftstilskot og takstar for spesialistar i klinisk psykologi. Avtalen skal gjelde for tidsrommet 1. juli 2004 – 30. juni 2005.

Avtalen føreset i utgangspunktet ei regulering av driftstilskot og avsetning til fondet for vidare- og etterutdanning med 3,4 prosent og om lag uendra takstnivå frå 1. juli 2004. I tillegg er det avtala ei omfordeling frå takstar til driftstilskot på 17 mill. kroner for avtaletidsrommet. Samla inneber dette at driftstilskotet blir auka med vel 18 prosent, eller om lag 21 mill. kroner på årsbasis. Departementet tilrår at kap 2711 post 71 Refusjon psykologhjelp blir sett ned med 8,5 mill. kroner. Til inndekking av meirutgiftene for dei regionale helseforetaka som følgje av den ekstraordinære auken i driftstilskota, tilrår departementet at kap. 732 postane 71–75 blir auka med 8,5 mill. kroner for 2004.

Helsedepartementet

tilrår:

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om endringar i statsbudsjettet for 2004 som følgje av takstoppgjera for psykologar og fysioterapeutar.

Vi HARALD, Noregs Konge,

stadfester:

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak om endringar i statsbudsjettet for 2004 som følgje av takstoppgjera for psykologar og fysioterapeutar i samsvar med eit vedlagt forslag.

Forslag

til vedtak om endringer i statsbudsjettet for 2004 som følge av takstoppgjera for legar, psykologar og fysioterapeutar

I

I statsbudsjettet for 2004 blir det gjort følgjande endringer:

Utgifter:

Kap.	Post	Formål	Kroner
732		Regionale helseforetak	
	71	Tilskot til Helse Øst RHF, kan overførast blir auka med frå kr 14 785 104 000 til kr 14 789 704 000	4 600 000
	72	Tilskot til helse Sør RHF, <i>kan overførast</i> blir auka med frå kr 8 360 994 000 til kr 8 362 194 000	1 200 000
	73	Tilskot til Helse Vest RHF, <i>kan overførast</i> blir auka med frå kr 7 334 857 000 til kr 7 336 657 000	1 800 000
	74	Tilskot til Helse Midt-Norge RHF, <i>kan overførast</i> blir auka med frå kr 5 425 285 000 til kr 5 425 885 000	600 000
	75	Tilskot til Helse Nord RHF, <i>kan overførast</i> blir auka med frå kr 5 229 486 000 til kr 5 229 786 000	300 000
2711		Diverse tiltak i spesialisthelsetenesta	
	71	Refusjon psykologhjelp blir sett ned med frå kr 200 000 000 til kr 191 500 000	8 500 000
2755		Helseteneste i kommunane	
	62	Tilskot til fastlønnssordning fysioterapeutar, <i>kan nyttast under post 71</i> blir auka med frå kr 202 000 000 til kr 206 000 000	4 000 000
	71	Refusjon fysioterapi, <i>kan nyttast under post 62</i> blir auka med frå kr 1 158 000 000 til kr 1 172 000 000	14 000 000

II

Helsedepartementet blir gjeve fullmakt til å gjere endringer i trygderefusjonane for legar frå 1. juli 2004 på grunnlag av eventuell avtale med Den norske lægeforening om regulering av honorartakstane frå den same datoen.